



2.0 Mistanke om sosiale og emosjonelle vanskar - skule

<p>Kva: Ei relativt varig og lite føremålsteneleg adferdsform som gjer læring, trivsel og sosiale relasjonar vanskeleg. Sosiale og emosjonelle vanskar kan delast i utagerande og innagerande form.</p>	<p>Meir om: Kjenneteikn på <i>innagerande</i> kan vere tilbaketrekking, sosial isolasjon, utestenging, depresjon, angst og psykosomatiske plager osv. <i>Utagerande</i> kan vere kjenneteikna av konflikhtar med andre, høg grad av sinne og/eller verbale angrep mot andre. (Roland 2014)</p> <p>Elevar kan og ha ein overlapping av utagerande og innagerande form. For eksempel kan barn som viser ein utagerende adferd og vere engstelige og deprimerte.</p>
<p>Observasjon: Skala for uro - barn/unge Signal på manglende trivsel Observasjonsskjema</p>	<p>Kartlegging: Det er viktig å sjå eleven sin totale sosiale situasjon i både heim, fritid og skule, når ein skal kartlegga.</p> <ul style="list-style-type: none">- observasjon- elevsamtale som metode; tips til samtale med barn- Felles system for kartleggingspraksis Odda Kommune- sosiogram - utarbeidning - analyse - oppfølging- Innblikk,- "et sosial-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing."



Verktøykasse skule

Mistanke om sosiale og emosjonelle vanskar

Sosiale og emosjonelle vanskar er ei relativt varig og lite føremålsteneleg adferdsform som gjer læring, trivsel og sosiale relasjonar vanskeleg. Sosiale og emosjonelle vanskar kan delast i utagerande og innagerande form.

2.1 Tiltak:

Tidlig innsats er svært viktig i forhold til barn med sosiale og emosjonelle vansker. Med tidlig meiner ein så snart ein opplever vansker knytta til eit barnets atferd.

Tiltak skal iverksettast med utgangspunkt i dei observasjonar og/eller kartleggingane som er gjennomført og førast inn i skjemaet [plan for støttetiltak](#).

Tiltak og tilrettelegging kan skje på to nivå; systemnivå som rettar seg mot heile skular eller klassar og på individnivå som rettar seg mot den einskilde elev sine behov.



2.1.1 Systemnivå;

rettar seg mot heile skular/ klassar ved mistanke om sosiale og emosjonelle vanskar

Vaksenrolla/ relasjon

- emosjonsfokusert tilnærming
- proaktiv og relasjonsorientert gruppeleiing
- kollektive forventningar til positiv adferd
- undervisning i, og øving på sosiale samhandlingar, slik som Zippy
- lik praksis og kjende konsekvensar
- fokus på “me-kjensla”
- kjende, trygge vaksne
- tett heim- skule samarbeid
- positiv forsterking av ynskt framferd og fråvær av forstyrrende framferd
- medviten eige kroppsspråk, stemmebruk og eigne emosjonar i situasjonar
- klare forventningar, ros og motivasjon
- kollegarettleiing

Praktisk tilrettelegging:

- leike- og spelegrupper
- fast garderobeplass, oppstilling og plass i rekka
- forutsigbare dagar
- tydeleg start og slutt på økta
- bruke signal ved overgangar

- mykje fysisk aktivitet
- tenk måltid, innhald, bordplassering o.l.
- rolige og ryddige omgjevnader, alt har sin faste plass
- vel arena for kollektive meldingar



BTI - verktøy

2.1.2 Individnivå;

rettar seg mot den einskilde elev sine behov ved mistanke om sosiale og emosjonelle vanskar

Vaksenrolla/ relasjon

- vel “kampar”, ikkje ta alt! Sett grenser på ein måte som minst mogleg triggjar frustrasjon
- vektleggje eleven sine sterke og positive sider, byggje på eleven sine interesseområde
- styrke eleven sitt sjølvbilete og status i klassen
- avslutta på “topp” for eleven, om mogleg
- reflekter saman med eleven kring moglege løysingar på konflikhtar eller utfordringar
- definer og reduser moglege frustrasjonsutløsarar
- øva på takla motstand og frustrasjon
- unngå ordet “ikkje”, sei heller kva eleven skal gjere

Praktisk tilrettelegging:

- samtale ved oppstart og avslutning
- handlingskjeder for utfordrande situasjonar

- få reglar, positivt formulert med tydeleg konsekvens
- førebu eleven på overgangar og nye situasjonar
- sosiale historiar, spegling , rolleleik og dramatisering
- visualisering, til dømes
- spel og regelleik som øving på å fylgje reglar
- øva på ulike strategiar som å telje til ti, gå ein tur og puste djupt i magen og liknande
- stopp-regel
- legotimen
- psykologisk fyrstehjelpsskrin, KAT-kassen, Hei-spelet eller liknande som utgangspunkt for samtale
- dagsplan med visualisering
- korte og få beskjedar
- dele oppgåver i mindre einingar, til dømes TEACCH metoden
- varierte arbeidsmåtar
- nytte skulens ressurspersonar
- vurderer leksehjelp, SFO og Oppmot
- skjerma arbeidsplass ved behov